



Kristian Opstad til minne

Rektor Kristian Opstad døydde 10.7.1990, 78 år gammal. Han var fødd på garden Opstad i Midsund den 19. juli 1912, og vokste opp i ein heim der sansen for lokal kultur og tradisjon var sterkt. I 1941 vart han cand. philol. med norsk som hovudfag, og emnet for hovudfagsoppgåva var "Stadnamn frå Indre Otrøy og Tautra i Romsdal".

Kristian Opstad kom tidleg inn i skuleverket, og arbeidde som lektor ved Tromsø Gymnas og Rogaland landsgymnas, styrar ved Sandøy realskule og frå 1951 rektor ved den nyopprette Smøla Interkommunale Realskole. 10 år seinare flytta han til Fræna og overtok som rektor ved Elnesvågen Interkommunale Realskule - det som seinare gjekk over til å bli Fræna Ungdomsskule. Denne stillinga hadde han til han gjekk av med pensjon, 70 år gammal.

Opstad var interessert i byggjande arbeid og var aktiv i målrørsla, Godtemplarorganisasjonen, Romsdal Sogelag m.m. Han skreiv og redigerte fleire bøker og i 1982 starta han sitt eige forlag, nemleg Møre forlag. I 1969 kom han inn i styret for Romsdal Sogelag etter å ha site som varamann nokre år. Han gjekk ut av styret i 1983 for å kunne konsentrere seg meir om forlaget sitt. Som lista nedanfor viser, fekk han gjort mykje på det lokalhistoriske området.

Med Kristian Opstad har eit verdfullt og interessert medlem og menneske gått bort, og vi lyser fred over minnet hans.

Bjørn Austigard

Kristian Opstads forfatterskap:

- 1 "Stadnamn frå Indre Otrøy og Tautra i Romsdal", hovudfagsoppg. i norsk, Univ. i Oslo, 1939.
- 2 "Øyfolket ved storhavet", Rune forlag, Trondheim 1964, 139 s.
- 3 "Gamle Møre", Rune Forlag, Trondheim 1967, 101 s. ill.
- 4 "Storkarane i Romsdal på slutten av 1700-talet". RSÅ 1970, s. 43-44.
- 5 "Antall gardbrukarar i Romsdal Fogderi i året 1781", RSÅ 1970, s. 40
- 6 "Elnesvågen interkommunale realskule 1954-1970", ved..., Molde u.å. 53 s. ill.
- 7 "Restar etter urgammal solkultus på Otrøyfjellet", RSÅ 1973, s. 108-118.
- 8 "Den urgammle kultfiguren ved Talstadvatnet", RSÅ 1974, 112- 114.
- 9 "Tilfeldige funn i fogdens arkiv", RSÅ 1975, s. 114- 117.
- 10 "Åtringar og fjørnfar på Onahavet og Mørefelta i året 1782". RSÅ 1976, s 42.48, ill.
- 11 "Vareomsetning på midten av 1500-talet i ytre Romsdal" RSÅ 1977, s. 91-94.
- 12 "Åtringar og fjørnfar i stille og storm", RSÅ 1978, s. 102-106.
- 13 "Romsdalinger i Amerika", Red. Anders Gjendem, og Thorbjørn Thingvold, Molde 1978, 207 s. ill.
- 14 "Litt om Krog-namnet og slekta på indre Otrøy", RSÅ 1979, s. 176-178.
- 15 "Gamle Møre i rit og minne", Rune forlag, Trondheim 1979, 136 s.
- 16 "Den gamle laksevorpa", RSÅ 1980, s. 115- 117
- 17 "Lokalhistorie/Romsdal. Forhistorisk tid." Molde ped. senter, Molde u.å. 9 s.

Bøker utgjevne på Møre forlag, Elnesvågen:

- 1982: Kristian Opstad: "Vår gamle kystkultur på Møre, I" 174 s. ill.
Ingeborg L. Bø: "I arbeid og leik", 112 s. ill.
- 1883: Kristian Opstad: "Bygdeboka I. Aukra Midsund og Sandøy. Delvis delar av Fræna og Molde ytre strøk". 477 s. ill.
- 1984: "Bygdeboka II. Aukra, Midsund og Sandøy", red. Kristian Opstad. 477 s.

- Ingeborg L. Bø: "Mellom folk og dyr", 82 s. ill.
- Øystein Hauge: "Alle dei svarte fuglane".
- Steingrim Haukeli: "Dansen gjennom Steinlandet" (dikt)
- 1985: Ingeborg L. Bø: "Diktsamling", 104 s.
- Lars O. Bø: "Leirfivelfrø" (dikt)
- Knut Huse, red: "Den tapte krigen. Møringer i strid på land og sjø", 262 sill.
- Anders Myrseth: "Det einaste som duger", 140 s.
- 1986: Kristian Opstad, red: "Vår gamle kyrkkultur på Møre, II, 304 s. ill.
- Peder Misund: "I klørne på Gestapo", 134 s. ill.
- 1987: Kristian Opstad, red. og supplert: "Midsund på Havet", 158 s. ill.
- 1988: Anders Myrseth: "Langs vegen i dikt og prosa", 128 s.
- Gunvor Liv Natvik: "Fra dagdrømmens marked" (dikt)
- Kristian Opstad: "Slekter på Mørekysten. Midsund, Gossa til Stemshalvøya", 182 s. ill.
- Øystein Hauge: "Det spørs", 61 s.
- 1989: Ole Thorsvik: "Møringer i fangst og strid. Episoder fra isbaks til krigsseilas", 219 s. ill.
- Øystein Hauge: "Nese og maskespel", 96 s.
- 1990: Ole Bergheim: "Den siste fullmåne", 112 s.